

Nei til å deponere farleg avfall på Raudsand

Sunndalsfjorden i Molde er ikkje egna til å vere nasjonalt anlegg for farleg uorganisk avfall. Miljødirektoratet seier: «Indre deler av Sunndalsfjorden er sterkt til meget sterkt forurensset av miljøgifter som følge av utsipp fra aluminiumverk og tidligere gruvedrift.»

Turisme, fiskeri, landbruk og oppdrett vil lide om eit slikt anlegg etablerast meiner Møre og Romsdal SV.

Møre og Romsdal SV seier ja til ein nasjonal avfallspolitikk som hindra avfall i å oppstå. Mykje av avfallet vi snakkar om er flygeske frå dei 20 forbrenningsanlegga som finns i Norge pluss det vi importera.

Vi må hindre at store delar av hushaldsavfallet går til forbrenning. Dette vil krevje at vi går sterkt vidare i arbeidet med kjeldesortering som er kommen langt i Norge. Bort med fraksjonar (avfall) som ikkje lett kan brukast om igjen eller gå til materialgjenvinning. Fraksjonar til energigjenvinning – forbrenning – må minimerast drastisk.

Forbrenningsanlegga må utstyrrast slik at dei kan ta ut metall av oska slik at mengda farleg uorganisk avfall minimerast. Ikke berre minimerast men metallet som tas ut kan brukast om igjen i staden for å bli til farleg avfall. NORSEP sin teknologi presentert på Miljøkonferansen i Telemark må i lag med anna teknologi utviklast og sikrast kapitaltilførsel. Med dette får vi handsaming av det farlege uorganiske avfallet der det oppstår og behovet for eit nasjonalt anlegg minimerast kraftig.

Møre og Romsdal SV ber Klima – og miljøminister Sveinung Rotevatn gå til Stortinget med ein ny avfallspolitikk som hindrar farleg uorganisk avfall i å oppstå i den mengda det gjer i dag og etablere anlegg for å materialgjenvinne det farlege uorganiske avfallet ved forbrenningsanlegga.